



«Da er vi med på en dugnad som redder liv»

– ein analyse av dugnadsmetaforen i kommunikasjonen om COVID-19 i Noreg

Av Anne Bredahl*

I 2020, det første året av pandemien forårsaka av COVID-19 i Noreg, var dugnadsmetaforen ein av dei sentrale metaforane i den offisielle kommunikasjonen frå den norske regjeringa. Han blei brukt til å skildre det å følgje smitteverntiltak, og denne artikkelen studerer korleis metaforen blei brukt av den norske regjeringa i 2020. Artikkelen har kognitiv metafor-teori som rammeverk, og viser korleis dugnadsmetaforen fungerte godt i byrjinga av pandemien (våren 2020), men òg korleis effektiviteten til metaforen blei gradvis svekt utover hausten 2020. Denne svekte effektiviteten kan forklarast ved aukande skilnader mellom «koronadugnaden» som regjeringa oppfordra til deltaking i, og ein tradisjonell dugnad, i tillegg til ulike kommunikative behov våren og hausten 2020.

1 Introduksjon

Under pandemien forårsaka av COVID-19 i Noreg var det essensielt for dei norske myndigheitene å få innbyggjarane med på smitteverntiltaka, både dei obligatoriske og dei tilrådde. Eit sentralt verkemiddel i den offisielle kommunikasjonen i delar av pandemien var beskrivinga av det å følgje smittevernstiltaka som å delta i ein *dugnad*, som blant anna blei brukt for å appellere til solidaritet (Bjørkdahl et al. 2021: 174). På presse-

* Takk til Helga Mannsåker og Torodd Kinn for god rettleiing og gode diskusjonar. Eg ønsker òg å takke dei to anonyme fagfellane for konstruktiv respons og kommentarar.

konferansen 12. mars 2020, der dei første smitteverntiltaka blei presenterte, sa dåverande statsminister Erna Solberg følgjande:

(1) Derfor er det nå helt avgjørende at alle landets innbyggere deltar i en dugnad for å bremse smitten. Det skal vi gjøre i solidaritet med eldre, kronisk syke, og andre som er spesielt utsatt for å utvikle alvorlig sykdom. Vi må alle beskytte oss selv, for å beskytte andre. (ES, 12.03.20).

Ein dugnad kan forståast som eit fellesarbeid for å oppnå noko saman, til dømes ein ryddig bakgard i burettslaget eller pengar til idrettslaget. Dugnaden har tradisjonelt fem kjenneteikn (Lorentzen & Dugstad 2011: 13). Han består av 1) eit arbeid som er 2) ulønt, og arbeidet blir utført 3) i fellesskap. I tillegg er arbeidet 4) tidsavgrensa, og det finst ofte i tillegg 5) innslag av sosiale aktivitetar, til dømes eit felles måltid. Dugnaden stammar frå bondesamfunnet, der ein trong hjelp til større oppgåver som husbygging og innhausting, og har røter tilbake til 1200-talet (Lorentzen & Dugstad 2011: 19).

Dugnaden kan sjåast som «typisk norsk», og ordet *dugnad* blei i 2014 kåra til nasjonalord i Noreg (Lorentzen & Dugstad 2011: 10–11; Språkrådet 2020). Liknande tradisjonar finst i andre land, men den norske dugnadstradisjonen heng likevel saman med særnorske forhold som spreidd busetting og i nyare tid sosialdemokratiske verdiar. Dugnadsomgrepet er klart positivt ladd i Noreg, ifølgje Lorentzen & Dugstad (2011: 10): «Dugnad er et positivt ladet ord egnet til å påkalle alle gode krefters oppmerksomhet til å realisere noe som er utenfor rekkevidde for den enkelte alene».

Både Koronakommisjonen¹ og Koronautvalget² vurderer det slik at regjeringa sin kommunikasjon i all hovudsak var tillitvekkande gjennom å vere blant anna open, truverdig og korrekt (NOU 2021:6: 185–186; NOU 2023:16: 220). Trass i denne overordna positive vurderinga av myndigheitene sitt kommunikasjonsarbeid frå Koronakommisjonen og Koronautvalget, vil eg her vise at denne vurderinga kan problematiserast

1. Uavhengig kommisjon sett ned av regjeringa for å evaluere dei norske myndigheitene si handtering av COVID-19-pandemien (Koronakommisjonen 2024).
2. Utval oppnemnd av Kongen i Statsråd for å evaluere myndigheitene si handtering av COVID-19-pandemien generelt og omikronhandteringa spesielt (Koronautvalget 2024).



ved å analysere eit sentralt uttrykk brukt av regjeringa under COVID-19-pandemien.

I sitatet frå Solberg blir det å følgje smittevern tiltaka skildra gjennom ein metafor – det å halde seg heime og treffe færrest mogleg menneske er i realiteten ganske forskjellig frå den tradisjonelle dugnaden. I artikkelen vil eg vise fram korleis denne dugnadsmetaforen blei brukt av regjeringa på pressekonferansar i 2020. I tillegg vil eg gjennom ein kritisk analyse av metaforen vise at karakteristikken av det å følgje smittevern tiltak som dugnadsdeltaking var effektivt i byrjinga av COVID-19-pandemien, og vidare kvifor det var mindre effektivt etter kvart som tida gjekk, hovudsakeleg på grunn av for store skilnader mellom ein tradisjonell dugnad og «koronadugnaden», og på grunn av nye kommunikative behov. Artikkelen startar med å presentere tidlegare forskning om kommunikasjon knytt til COVID-19 i Noreg og om dugnadsmetaforen spesifikt. Etter dette følgjer ein presentasjon av teorien som fungerer som rammeverk, i tillegg til gjennomgang av materiale og forklaring av metodiske val. Sjølve analysen er tematisk delt inn i to delar, og deretter følgjer ein diskusjon, før artikkelen blir avslutta med ein konklusjon.

2 Tidlegare forskning

Fleire forskarar har allereie skrive om regjeringa sin bruk av *dugnad*. Bjørkdahl et al. (2021) viser korleis *dugnad* blir brukt for å appellere til solidaritet, og Gjerde (2022: 37) viser korleis det han kallar *dugnadsdiskursen*, representerte pandemien som ei krise som kunne løysast ved at befolkninga stilte opp for kvarandre i eit «smittevernfellesskap». Noko av det same blir påpeikt hos De Lauri & Telle (2021: 2), som argumenterer for at bruken av *dugnad* bidrog til å legge delar av pandemihandteringa over på borgaren. Denne borgaren som får ansvaret for pandemihandtering, blir òg skriven om av Nilsen & Skarpenes (2022: 269), som kallar han for den sosialt ansvarlege borgaren (*the socially responsible citizen*). Bruken av *dugnad* appellerte til denne idealborgaren som har verdiar som likskap og solidaritet knytt til seg.

Innanfor den tidlegare forskinga finn vi òg to narrative studiar av Arora et al. (2022) og Moss & Sandbakken (2021). Arora et al. undersøker Erna Solberg sine postar på Facebook under pandemien og viser korleis *dugnad* bidrog til å forme eit overtydande narrativ (*persuasive nar-*

rative) som framhevar fellesskap og ansvar (2022: 4). Moss & Sandbakken viser noko av det same i sin analyse. Dei argumenterer for at narrativet, «The Norwegian Dugnad», fungerte som ein appell til ein positiv sosial identitet, der nordmenn arbeider saman mot eit felles mål (Moss & Sandbakken 2021: 885).

Ein studie som undersøker mottakinga av *dugnad*, er skriven av Herrero-Arias et al. (2024). Dei undersøkte korleis ulike medlemmer av det multikulturelle samfunnet i Noreg forstod ordet *dugnad*, kva haldningar dei hadde til uttrykket, og korleis dei reagerte på bruken av det i kommunikasjonen om COVID-19 (2024: 1). Dei fann at dei fleste informantane (opphavleg frå Somalia, Syria, Sri Lanka, Chile og Polen) kjente til uttrykket *dugnad* og hadde positive haldningar til det (Herrero-Arias et al. 2024: 3–5). På spørsmålet om reaksjonar svarte dei fleste deltakarane at bruken av *dugnad* gav meining, fordi det appellerer til eit felles ansvar for å kontrollere viruset (Herrero-Arias et al. 2024: 5–6). Samstundes reagerte fleire meir negativt, fordi det å følgje smitteverntiltaka ikkje alltid var frivillig, slik ein *dugnad* er, og fordi smitteverntiltaka handla vel så mykje om å beskytte seg sjølve som å beskytte fellesskapet. Dei reagerte altså på skilnadene mellom ein tradisjonell *dugnad* og «korona-dugnaden».

Det finst òg døme på metaforstudiar i den tidlegare forskinga. Susan Nacey (2024) skriv om korleis *dugnads*metaforen blir brukt i *Aftenposten*, *Dagbladet* og *VG* i perioden mars 2020–juni 2021. Ho finn at bruken kan delast i tre kategoriar – pålegging, støtte og motstand (*imposition, endorsement, resistance*). I artikkelen vurderer ho òg kor passande metaforen var, ved å undersøke korleis offentlegheita reagerte på han over tid. Her er særleg kategoriane støtte og motstand aktuelle, sidan dei markerer positive og negative reaksjonar på metaforen, medan kategorien pålegging viser til regjeringa sin bruk av metaforen via pressa (Nacey 2024: 83). Nacey finn at frå mars 2020 og framover var det fleire tilfelle av støtte enn motstand, og at det meste av motstanden mot metaforen kom etter ein periode (2024: 93–94). Dette kan vise at metaforen var mest effektiv og passande i starten av pandemien, men mista noko av styrken etter kvart som tida gjekk.

Det finst altså allereie ein god del tidlegare forskning. COVID-19-pandemien var ei inngripande hending i Noreg, og sidan regjeringa valde å nytte *dugnads*metaforen for å introdusere og grunngi dei første smitte-

verntiltaka, fekk uttrykket *dugnad* massiv merksemd og skapte ei stor forskningsinteresse i den norske offentlegheita.

Eit skilje mellom denne artikkelen og tidlegare forskning, er at fleire studiar (Bjørkdahl et al. 2021; Arora et al. 2022; Gjerde 2022; Moss & Sandbakken 2021) viser til bruken av *dugnad* som eitt av fleire verkemiddel i myndigheitene sin kommunikasjon i COVID-19-pandemien, i tillegg til at fleire av studiane (Gjerde 2022; Moss & Sandbakken 2021) analyserer materiale henta frå tidlege fasar i pandemien. Desse studiane går ikkje i like stor grad som denne i djupna på uttrykket, og har dermed ikkje like stort høve til å vise fleire nyansar i forståinga av det, eller utviklinga av bruken over tid, og ikkje berre våren 2020. I tillegg har ein del av forskinga andre teoretiske innfallsvinklar enn språklege til bruken av *dugnad*, til dømes antropologiske (De Lauri & Telle 2020) eller sosiologiske (Nilsen & Skarpenes 2022), og har fokus på korleis offentlegheita reagerte på bruken av uttrykket (Herrero-Arias et al. 2024; Nacey 2024).

Fleire av bidraga legg vekt på forskjellane mellom ein tradisjonell dugnad og «koronadugnaden», men berre Nacey (2024) handsamar uttrykket som ein metafor. Det å studere *dugnad* som døme på ein metafor, kan bidra til å forklare og kritisk undersøke innverknaden til uttrykket gjennom det rike teorigrunnlaget som den kognitive metaforteorien gir. Eg vil vise fram og kritisk analysere kva funksjonar metaforen hadde i samband med COVID-19-pandemien, og gjennom denne analysen vil eg òg vise kvifor metaforen kan sjåast som eit godt val av dei norske myndigheitene.

Både denne studien og Nacey (2024) sin studie undersøker og diskuterer kor *passande* dugnadsmetaforen var i kommunikasjon om COVID-19-pandemien, men vi har ulike utgangspunkt for å diskutere dette. Nacey tar utgangspunkt i resonansen til metaforen i den norske offentlegheita, og karakteriserer metaforen som passande når han blei møtt med ros i norske aviser, og mindre passande når han blei møtt med kritikk. I denne studien blir passande derimot forstått som samsvar mellom den dugnaden som regjeringa oppfordra til våren 2020, og ein tradisjonell dugnad. Eit slikt samsvar blir vidare forstått som naudsynt for at metaforen skal fungere effektivt. Eg vil vise at på nokon område fanst dette samsvaret i regjeringa sin bruk av dugnadsmetaforen, men at på fleire andre område forsøkte regjeringa å bruke dugnadsmetaforen til å forklare aspekt ved smitteverntiltaka som ein ikkje kan finne tilsvarende

aspekt ved i tradisjonelle dugnadar. Vidare gjer dette at metaforen kjem til kort i delar av regjeringa sin kommunikasjon.

Denne studien kan slik bygge vidare på og supplere Nacey (2024) sine funn. Medan Nacey viser at motstand mot metaforen finst, noko som kan indikere at han er mindre passande, ønsker eg å vise ei mogleg semantisk årsak til denne motstanden, nemleg at dugnadsmetaforen ikkje evnar å forklare kompleksiteten ved COVID-19-situasjonen, og dermed ikkje fungerer effektivt som overtydingsverktøy i denne situasjonen.

3 Metaforar i politisk språkbruk

Ifølgje Koronakommisjonen er kommunikasjon mellom myndigheiter og befolkning i ei krise som COVID-19-pandemien viktig av fleire årsaker. Kommunikasjonen skal tilfredsstille eit behov for informasjon, motverke frykt og ideelt sett påverke åtferd: «Noen ganger går veien ut av krisen i stor grad gjennom at befolkningen gjør endringer i atferden sin. [...] Myndighetene har derfor en stor oppgave med å formidle ikke bare hva som ligger i regler og anbefalinger, men også hvorfor de er innført og hvorfor befolkningen bør etterleve dem» (NOU 2021:6: 175). Dette kan relaterast til meiningsskaping (*meaning making*), som er ei av fleire oppgåver som leiarar må gjennomføre i ei krise (Boin et al. 2016: 17). Leiarar må få befolkninga til å akseptere ein bestemt definisjon av kva krisa inneber, og dette må gjerast gjennom å presentere ei overtydande forteljing som skildrar krisa – kva ho handlar om, kva som står på spel, og kva som kan gjerast for å løyse ho. Om ikkje leiarar og befolkninga er einige om kva krisa handlar om, eller alvorlegheita av krisa, kan det føre til at avgjerder ikkje blir forstått eller respektert. Denne overtydande forteljinga kan innehalde metaforar.

Metaforar er eit sentralt kjenneteikn ved all menneskeleg kommunikasjon (Semino 2021: 52). Dei er ressursar som hjelper oss å forstå og forklare det vi elles ikkje har vokabular for. Derfor kan dei sjåast som gode verktøy i samband med COVID-19, ein ny og ukjent situasjon. Likevel er metaforar sjeldan nøytrale verkemiddel, metaforen som blir valt vil påverke forståinga av det fenomenet ein snakkar metaforisk om (Semino 2008: 33). Kritiske analysar av metaforbruk kan derfor bidra til å avdekke dei forståingane som metaforane bidrar til å forme.

Ein metafor blir i den kognitive metaforteorien definert som å forstå

eit omgrepsdomene ved hjelp av eit anna (Kövecses 2010: 4), og eit omgrepsdomene kan forståast som «sets of non-expert, 'encyclopedic' knowledge and experiences that competent members of a discourse community have about any given topic» (Musolff 2016: 8). Eit døme kan vere domenet DUGNAD³, som inneheld kunnskap om kva ein dugnad er, korleis han går føre seg, kor lenge han varer, kva betydning han har etc., og denne kunnskapen er delt i befolkninga. Det er typisk å bruke meir konkrete, kjente og tydeleg avgrensa kjelddomene for å forstå meir abstrakte, ukjente og utydeleg avgrensa måldomene (Semino 2008: 30). Når ein forstår og snakkar om eit måldomene ved hjelp av eit kjelddomene, kallast det ein omgrepsmetafor, ofte sett opp slik: MÅLDOMENE SOM KJELDEDOMENE (Kövecses 2010: 4). Ein omgrepsmetafor og koplingane mellom kjelde- og måldomene, kan settast opp skjematisk, her illustrert med omgrepsmetaforen som blir analysert i denne studien, Å FØLGJE SMITTEVERNTILTAK SOM Å DELTA I DUGNAD (sjå tabell 1). Tabellen viser berre nokon av dei moglege koplingane mellom kjelde- og måldomenet.

Kjelde: Å DELTA I DUGNAD	Mål: Å FØLGJE SMITTEVERNTILTAK
Dugnadsdeltakarar	→ Den norske befolkninga
Dugnadsleiingar	→ Den norske regjeringa
Dugnadsoppgåver	→ Følgje smitteverntiltak
Mål: Tene pengar, ryddige omgivnader, fikse noko som er øydelagt	→ Mål: Unngå smitte, særleg blant eldre og risikogrupper

Tabell 1: Koplingar i Å FØLGJE SMITTEVERNTILTAK SOM Å DELTA I DUGNAD

Ifølgje Charteris-Black (2011: 33) er ein av funksjonane til metaforar i politisk språkbruk å skape legitimitet, og dette kan gjerast på ulike måtar:

Politicians use metaphors for negative representations of states of affairs that are construed as problematic and positive representations of future scenarios that are construed as solutions to problems; they also use them for negative and positive representations of out-groups (i.e. opponents) and of in-groups (i.e. supporters) respectively. (Charteris-Black 2011: 32)

3. Det er vanleg i den kognitive metafor-teorien å bruke kapitel når ein skriv om domene eller omgrepsmetaforar, for å vise at dei er kognitive storleikar og noko anna enn metaforiske uttrykk (Askeland & Agdestein 2019: 17).

Metaforar kan altså vinkle ei sak, ei politisk line, ein politiskar eller liknande slik at dei blir sett i eit positivt eller negativt lys. Dette kan relaterast til metaforen sin *fokuseringsfunksjon*, som betyr at val av kjeldedomene påverkar og styrer korleis vi forstår måldomenet (Askeland & Agdestein 2019: 22). Dette fenomenet blir òg kalla framheving og skjuling, ved at eit bestemt kjeldedomene vil framheve enkelte aspekt ved eit måldomenet, og samstundes skjule andre (Lakoff & Johnson 2003: 10). Vi skal seinare sjå at det å snakke om å følgje smitteverntiltaka som å delta i ein dugnad framhevar aspekt som fellesskap og solidaritet, men skjuler forskjell i arbeidsbyrde i «koronadugnaden». Det vil vere strategisk å velje eit kjeldedomene som framhevar dei sidene ved måldomenet ein ønsker å framheve, derfor vil det vere viktig i ein kritisk metaforanalyse å identifisere dei sidene ved måldomenet som blir skjult i metaforen (Charteris-Black 2004: 42).

Ifølgje Andreas Musolff (2016) har metaforar, spesielt i politisk språkbruk, ein ekstra «pragmatisk verdi», som kan fylle ulike funksjonar:

[T]o express an evaluation of the topic, to make an emotional and persuasive appeal, and/or to reassure the public that a perceived threat or problem fits into familiar experience patterns and can be dealt with by familiar problem-solving strategies. (Musolff 2016: 4)

Metaforar kan altså bidra til å skape ei bestemt evaluering av det temaet ein forstår og snakkar metaforisk om, til dømes ved at kjeldedomene som blir valt har ein bestemt verdi ved seg som blir overført til måldomenet. Det same argumenterer Charteris-Black (2011: 34) for når han skriv at dei uttrykka som blir brukt metaforisk, blir påverka av verdien til den bokstavlege ekvivalenten. Sidan dugnaden (i alle fall før COVID-19-pandemien) har ein klart positiv verdi i det norske samfunnet, har denne verdien potensial til å bli overført til måldomenet når uttrykket blir brukt metaforisk.

I sitatet ovanfor ser ein at Musolff legg vekt på at metaforar òg kan bidra til å skape ei oppfatning om at ulike problem og truslar kan bli løyst med kjente problemløysingsteknikkar. Dette utdjupar han ved å skrive at metaforar har evne til å redusere «a complex reality into an ethically 'black-and-white' problem definition with an unambiguous solution»

(2016: 134).⁴ Metaforar kan bidra til å gjere komplekse situasjonar meir handgripelege og presentere løysinga på eit problem som nærast sjølv-sagt. Dette kjenneteiknet ved metaforar er ifølgje Charteris-Black (2011: 18) eit effektivt retorisk verktøy fordi det framstiller noko ukjent som noko meir kjent gjennom å spele på allereie eksisterande kunnskap hos språkbrukarar. Slik kan ein seie at metaforar er med på å skape ei bestemt ramme rundt ein bestemt situasjon, der både problemet og løysinga, som i realiteten er veldig komplekse, blir framstilt klarare:

They select for attention a few salient features and relations from what an overwhelmingly complex reality would otherwise be. They give these elements a coherent organization, and they describe what is wrong with the present situation in such a way as to set the direction for its future transformation. (Schön & Rein 1994: 26)

Dugnadsmetaforen kan seiast å ha blitt etablert som ein nokså konvensjonell metafor i politisk språkbruk i Noreg. Moss og Sandbakken (2021: 885) skriv at dugnadsnarrativet kan sjåast nærast som eit masternarrativ (*master narrative*), eit narrativ på samfunnsnivå, som konnoterer samhald og samarbeid. Uttrykket har òg lang historie i omtalen av politiske saker, blant anna saker som berekraftig utvikling (Halvorsen 2006), utdanning (Solheim & Solhjell 2008) og global fattigdom (Brende 2017; Solheim 2010). Felles er at *dugnad* blir brukt for å skildre eller oppfordre til ein kollektiv og naudsynt innsats. Gjennom gjentakande bruk har metaforen blitt konvensjonalisert, og ein fordel ved å bruke ein konvensjonell metafor for å uttrykke eit bestemt synspunkt er at han er knytt til eit akseptert sett av verdiar i eit samfunn (Charteris-Black 2004: 12). Ifølgje Charteris-Black (2004: 18) er det berre metaforar som har blitt vurdert som vellykka som kan bli konvensjonaliserte, noko som kan tyde at dugnadsmetaforen kan sjåast som ein allment akseptert måte å oppfordre til kollektiv innsats på, blant anna gjennom at han appellerer til eit allment akseptert verdiset i Noreg.

4. Her skriv Musolff om det han kallar *metaforscenario*, der ein metafor brukt over tid dannar eit scenario eller ein scene med ulike deltakarar, narrativ struktur, utfall osv. (Musolff 2006: 28). Sidan bruken av dugnadsmetaforen i 2020 kan sjåast som eit metaforscenario og dei ulike scenarioa som Musolff skriv om er bygd opp av nettopp metaforar, vil eg hevde dette kjenneteiknet kan passe òg i denne konteksten.

Det er likevel ikkje slik at all metaforbruk automatisk er retorisk effektiv i kommunikasjon. Ifølgje Semino (2021) har effektive metaforar tre kjenneteikn:

Overall, effective metaphors tend to involve (a) complex and abstract target domains that are not linked to preexisting strongly held beliefs and evaluations; (b) source domains that are widely accessible, well-delineated and image-rich, (c) precise and clearly applicable mappings from source to target domains, which make a metaphor “apt.” (Semino 2021: 54)

Effektive metaforar består altså av eit komplekst og abstrakt måldomene som det ikkje er knytt sterke evalueringar til, eit tilgjengeleg, klart avgrensa og rikt⁵ kjeldedomene, i tillegg til klare og anvendelege koplingar mellom kjelde- og måldomene. Vi ser vidare at punkt (c) gjer metaforen passande, og ein ser òg ein samanheng mellom passande og effektivt – for å vere effektiv, må metaforen vere passande. Klare og anvendelege koplingar mellom kjelde- og måldomene vil seie at det må finnast aspekt ved kjeldedomenet (her: A DELTA I DUGNAD) som er moglege å kople saman med måldomenet (her: A FØLGJE SMITTEVERNTILTAK). Eller, sagt med andre ord, for eit bestemt aspekt ved måldomenet må det finnast eit tilsvarande aspekt ved kjeldedomenet.

I denne studien vil eg argumentere for at dugnadsmetaforen kan sjåast som delvis passande slik han blei brukt av regjeringa i samband med COVID-19-pandemien, men at nettopp på grunn av uklare og manglande koplingar, eller manglande samsvar, mellom kjelde- og måldomene i måten han blir brukt på av regjeringa, særleg hausten 2020, kan ein òg argumentere for at han er mindre passande, og dermed mindre effektiv.

4 Materiale og metode


Analysematerialet for studien består av talar frå pressekonferansar og tekstar skrivne av regjeringsmedlemer frå mars til desember 2020. I 2021 blir dugnadsmetaforen berre brukt to gongar i offisiell kommunikasjon

5. Det at kjeldedomenet er rikt, inneber at det er allsidig og inneheld fleire erfaringar, element og typar som kan overførtast til måldomenet i metaforen (Semino 2021: 54).

frå regjeringa, relatert til korona.⁶ Metaforen ser dermed ut til å vere mindre dominerande frå regjeringshald i seinare fasar av pandemien.

For å finne aktuelle tekstar brukte eg regjeringa sitt historiske arkiv av talar og innlegg som òg inkluderer tekstar av regjeringsmedlemer i norske aviser (Regjeringen 2023). Eg brukte søkeordet ‘dugnad’ og valde 2020 som relevant søkeår. Dette gav eit resultat på 93 tekstar, som òg inkluderte bøyingsformer av ordet (t.d. ‘dugnaden’) og samansetningar (t.d. ‘dugnadsånd’). I sorteringsarbeidet ekskluderte eg tekstar som a) ikkje var direkte relatert til koronapandemien, b) tekstar som ikkje var direkte adressert til offentlegheita (til dømes utgreiingar til Stortinget), og c) tekstar der det ikkje stod regjeringsmedlemer som avsendar.⁷

Etter dette sorteringsarbeidet sat eg igjen med 44 tekstar som gjorde bruk av dugnadsmetaforen. 38 av desse var talar frå pressekonferansar, medan seks av dei var kronikkar/debattinnlegg. Fordelinga av tekstane over tid kan sjåast i figur 1.



Figur 1: Fordeling av tekstar i 2020

6. *Dugnad* som metaforisk uttrykk blir brukt i Erna Solberg sin nyttårstale i januar 2021 og i talen der regjeringa erklærte ei mellombels gjenopning i september 2021 (Solberg 2021a; Solberg 2021b).
7. I tekstane i analysematerialet står ulike regjeringsmedlemer som avsendar, men søkeresultatane inkluderte òg tekstar av andre, til dømes statssekretærar, derfor er punkt c) relevant å ta med. Det er likevel ikkje sikkert at tekstane i analysematerialet faktisk er skrivne av (berre) regjeringsmedlemer, men eg har valt å ta med dei tekstane der regjeringsmedlemer står som avsendar.

Det er ulike medlemmer av regjeringa til Erna Solberg som har skrive eller framfører tekstane: statsminister Erna Solberg (ES), helse- og omsorgsminister Bent Høie (BH), finansminister Jan Tore Sanner (JTS), justis- og beredskapsminister Monica Mæland (MM), kunnskaps- og integreringsminister Guri Melby (GM) og kultur- og likestillingsminister Abid Raja (AR). Når det blir sitert frå tekstane deira, kjem eg til å nytte initialane og dato.

Analysen starta med nærlesing for å få oversikt over tema. Deretter markerte eg alle tilfelle av ordet 'dugnad' i tekstane og konteksten rundt uttrykket. Som hovudregel valde eg å markere avsnittet som uttrykket blei brukt i, og avsnitta før og etter i dei tekstane som hadde veldig korte avsnitt (2–3 linjer). Vidare nytta eg ei modifisert utgåve av Charteris-Black (2004; 2011; 2014) sin kritiske metaforanalyse. Metoden har opphavelig tre steg – metaforidentifisering, metafortolking og metaforforklaring. Metaforidentifisering handlar om å identifisere potensielt metaforiske uttrykk, men sidan eg leitte etter eitt spesifikt metaforisk uttrykk, kunne denne delen av analysen forkortast. Det same gjeld metafortolking, som inneber å identifisere samanhengar og systematikk i metaforbruken, blant anna ved å identifisere kva for nokon omgrepsmetaforar dei metaforiske uttrykka kan sjåast som språklege realiseringar av. I del 5 viser eg at bruken av *dugnad* kan sjåast som realisering av éin omgrepsmetafor, derfor blei òg denne delen av metoden forkorta.

Dermed blir det siste steget – metaforforklaringa – det viktigaste i denne studien. Forklaring av metaforbruken inneber å identifisere dei diskursive funksjonane som metaforane har i ein tekst, og gjennom det deira retoriske motivasjon (Charteris-Black 2004: 39).

5 Analyse

Samla sett viser materialet ein omgrepsmetafor som kan kallast Å FØLGJE SMITTEVERNILTAK SOM Å DELTA I DUGNAD, der måldomenet Å FØLGJE SMITTEVERNILTAK blir forstått som kjeldedomenet Å DELTA I DUGNAD. Det metaforiske uttrykket *dugnad* blir brukt til å karakterisere ulike sider ved smitteverntiltaka, men sidan uttrykka har smitteverntiltaka til felles, vel eg å karakterisere dei alle som språklege realiseringar av den same overordna metaforen. Materialet blir her delt inn i to syklusar som kan sjåast i samanheng med dei to første «bølgene» av koronapandemien i

Noreg (NOU 2023:16: 18). Den første syklusen får vi under den første bølga våren 2020, medan vi får den andre under den andre bølga hausten 2020. Ein kan altså sjå eit samanfall mellom smittetal og syklusane ved at dei fluktuerer på same måte.

Begge syklusane startar med oppfordring til dugnadsdeltaking. Oppfordringa fortset gjennom syklusane, men etter kvart legg regjeringa òg vekt på å eksemplifisere dugnadsdeltakinga, altså vise korleis ein kan eller bør delta. I første syklus kan ein òg sjå at det å takke for innsatsen i dugnaden blir vektlagt. Sidan den andre «bølga» ikkje var over før vinteren 2021 (NOU 2023:16: 20), etter at dugnadsmetaforen ikkje lenger var særleg ofte brukt av regjeringa, ser ein ikkje det same i den andre syklusen.

Ein ser altså eit slags mønster som blir gjentatt to gongar. Mønsteret er likevel ikkje heilt fast; til dømes takkar Erna Solberg allereie 24. mars 2020 for dugnadsdeltaking, sjølv om dette var tidleg i den første bølga og det ikkje blei presentert nokon lettar i smitteverntiltaka på dette tidspunktet (Solberg 2020). I det følgjande vil eg vise korleis dei to syklusane er bygd opp, og vise fram og forklare sentrale døme frå materialet.

5.1 Første syklus

5.1.1 Oppfordring

I mars 2020 kan ein seie at dugnaden startar. Frå fleire regjeringsmedlemmer får befolkninga oppfordring om å delta i dugnad:

(2) Det er en alvorlig situasjon vi nå står i. Som statsministeren sa, er det viktigste at dette rammer liv og helse – og vi må alle være med på dugnaden for å begrense smittespredningen. (JTS, 10.03.20)

(3) Hver og en av oss har en viktig jobb å gjøre nå. Vi må holde oss hjemme når vi er syke eller smittefarlige. Vi må vaske hendene ofte og ikke utsette andre for smitte ved å håndhilse eller klemme. Det er ingen stor og komplisert jobb. Men den er svært viktig. Når vi gjør dette, bremser og begrenser vi smitte som er ufarlig for veldig mange, men veldig farlig for noen få. Da er vi med på en dugnad som redder liv. (BH, 11.03.20)

Begge desse sitata er henta frå talar ytra i mars 2020, altså i byrjinga av COVID-19-pandemien. Her kan ein sjå at prosjekt meiningsskaping er i gang (jf. Boin et al. 2016: 17). Politikarane som hadde ansvar for kom-

munikasjon måtte presentere ei overtydande forteljing om situasjonen, og vel metaforen *dugnad* for å gjere det. Dette kan sjåast som strategisk lurt av fleire årsaker. For det første bidrar metaforen til å setje ein ukjent situasjon – COVID-19-pandemien – inn i ei meir kjent ramme. Dette kan bidra til å redusere kompleksitet, og, ideelt sett, verke styrande på åtferd – oppfør deg som du gjer på ein dugnad.

I tillegg blir kunnskap og evalueringar om kjeldedomenet, Å DELTA I DUGNAD, overført til måldomenet, Å FØLGJE SMITTEVERNTILTAK, i metaforen. Dette blir kalla for metaforiske følgjeslutningar (Kövecses 2010: 122), og er enda ei årsak til at metaforar kan vere strategiske verktøy i politisk språkbruk. Kjenneteikn ved dugnaden, som at det er forventa at ein deltar, at han er ulønt og at han gagnar fellesskapet, blir i metaforen overført til måldomenet. Dette gjeld kanskje særleg fellesskapstankegangen om ein ser på sitata. Fleirtalspronomenet *vi* blir brukt gjennomgåande, saman med determinativ som *alle* og *hver* og *en*. Slik blir det presisert at ei felles deltaking er viktig.

Kvifor deltaking er viktig, blir òg spesifisert – fordi viruset rammar liv og helse i (2), og fordi dugnaden kan redde liv i (3). Dette kan bidra til å skape ei ramme av alvor og passar godt saman med kjenneteiknet ved dugnadsdeltakinga som frivillig, men forventa (Lorentzen & Dugstad 2011: 13). Nokon av smittevernråda var vanskelege å gjere obligatoriske, men sidan ein er med på ein *dugnad som redder liv*, gjer ein ideelt sett som ein får beskjed om. Eit interessant aspekt her, er at det i (2) blir uttrykt at målet med dugnaden er å *begrense smittespredningen*. Det er ikkje sjølvstøtt at det finst eit tilsvarende aspekt ved kjeldedomenet som ein enkelt kan kople dette målet til. I tradisjonelle dugnadar er typiske mål å tene pengar, rydde i omgivnader eller fikse noko som er øydelagt, altså få til eller skape noko (sjå tabell 1). I denne konteksten er målet derimot å unngå noko, eit mål som ein ikkje kan finne ei direkte kopling til i dugnadsdomenet. Sjølv om eg seinare argumenterer for at det er særleg i andre syklus at koplingane mellom kjelde- og måldomene blir mindre klare, og metaforen gjennom det blir mindre passande, kan ein allereie her sjå at det ikkje er opplagt at dugnadsmetaforen fungerer for å forklare alle aspekt ved måldomenet.

Vi kan òg finne døme på at ulike grupper innanfor dette *vi*-et blir trekt fram:

(4) Kostnadene kan ikke bæres av en part alene. Bedriftene tåler ikke nå kraftig inntektsbortfall uten at kostnadene raskt reduseres. Arbeidstakerne tåler ikke at inntekten deres reduseres kraftig. Staten vil stille opp i dugnaden. (JTS, 13.03.20)

Her blir det spesifisert at staten, altså myndighetene i Noreg, er med på dugnaden ved å hjelpe bedrifter. Det blir gjennom det skapt eit inntrykk av at dugnaden ikkje berre er pålagt innbyggjarane, men noko òg myndighetene bidrar til. Igjen blir det lagt vekt på å overføre kjenneteikn ved dugnaden til det å følgje smitteverntiltaka. Her er det det egalitære aspektet ved dugnaden som blir trekt fram, som inneber at ein deltar etter eiga evne (Nilsen & Skarpenes 2022: 264). *Staten* skal ikkje sitje på sidelinja, men vere med å bidra der dei kan. I tillegg kan ein i (4) sjå eit interessant skilje frå tradisjonelle dugnadar, nemleg at ein kan risikere å bli økonomisk skadelidande om ein deltar, og derfor skal staten stille opp.

I denne første tida av COVID-19-pandemien forsøker altså regjeringa å etablere kampen mot viruset som ein dugnad som alle må delta på. Vidare skal vi sjå at dei forsøker å etablere forskjellige aspekt ved smitteverntiltaka som ulike dugnadsoppgåver, slik at dei passar inn i denne overordna forteljinga.

5.1.2 Eksemplifisering

I fleire av tekstane viser forfattaren døme på dugnadsdeltaking, anten for å eksemplifisere korleis ein kan delta, eller for å vise faktiske døme på korleis ulike personar allereie deltar.

Det kjem tydeleg fram at ein viktig del av dugnaden er å følgje dei grunnleggande smittevernråda og -reglane, men samstundes handlar dugnaden om mykje meir, til dømes å tilpasse seg:

(5) Det er imponerende å se hvordan bedriftene strekker seg: Enten det er Byggmax som har innført gratis hjemkøring til alle over 70 år, eller det er Kiwi og Coop som er i full gang med ekstra hygienetiltak. [...] Vi må se på dette som et bidrag til den store dugnaden. (MM, 23.03.20)

(6) Jeg er veldig takknemlig og imponert over alle som deltar i denne store norske dugnaden. Jeg vil takke dem som tilbyr seg å gå på butikken eller apoteket for kjente og ukjente som er syke eller sitter i karantene. (BH, 16.03.20)

I fleire av tekstane blir det lagt vekt på at ein måtte forsøke å halde samfunnet i gang, og her kan ein sjå at ved å tilpasse seg, gjennom heimkøyring, ekstra hygienetiltak eller å gå på butikken for andre, bidrar ein til *den store dugnaden*. I (5) kan ein sjå at Monica Mæland aktivt ville at desse aktivitetane skulle sjåast som dugnadsoppgåver, altså eksplisitt koplar saman kjelde- og måldomene. Eg vil hevde at koplingane mellom kjelde og mål fungerer godt i både (5) og (6). I begge desse sitata blir det eksemplifisert praktiske oppgåver som blir gjort for at fellesskapet skal få det betre og for å vise solidaritet, noko som stemmer overeins med dugnadsdomenet. Eg vil òg hevde at å gjere dette er med på å gi desse oppgåvene ei ekstra styrke. Når desse oppgåvene ikkje *berre* er praktiske, men blir metaforisk forma som dugnadsoppgåver, finst det eit potensiale for at evalueringar knytt til dugnaden (og her nærare spesifikt dugnadsoppgåver), blir overført til oppgåvene presentert i (5) og (6). Eit viktig element ved dugnadstradisjonen i denne konteksten kan være det at han i teorien er frivillig, men at det likevel er knytt sterke forventningar til deltaking (Lorentzen & Dugstad 2011: 13). Ein *må* ikkje delta, men ein skal ha dårleg samvit om ein ikkje gjer det. I dugnadsmetaforen har dette elementet potensial til å bli overført til òg å gjelde oppgåvene i (5) og (6).

Dugnadsmetaforen blir òg brukt for å appellere til forståing og empati:

(7) Dugnad er det [sic] ord som har blitt mye brukt den siste tiden. Men dugnad handler ikke bare om at alle må bidra like mye. Dugnad handler også om å forstå at noen rammes hardere enn andre. Noen har mye, andre har lite. Noen får livsgrunnlaget sitt revet bort i denne tiden og går en utrygg fremtid i møte. Andre merker nesten ikke forskjell. Noen er redde, andre synes det er fint at samfunnet tar en liten pause. (MM, 02.04.20)

Ein av styrkane til dugnadsmetaforen finn ein ved å sjå på kva som blir framheva og skjult i metaforen. Kjeldedomenet Å DELTA I DUGNAD framhevar blant anna at det å følgje smitteverntiltaka er eit ulønt, men likevel viktig arbeid som gagnar fellesskapet. I tillegg blir det framheva at arbeidet må løysast i fellesskap – for å oppnå ønskt resultat må fleire (ideelt sett alle) bidra. På den andre sida er det enkelte aspekt ved måldomenet som blir skjult. Det kanskje aller viktigaste handlar om forskjell i arbeidsbyrde. Som tidlegare nemnt (sjå 5.1.1) kan dugnaden sjåast som egalitær. Smitteverntiltaka, derimot, trefte derimot ganske ulikt avhengig av ar-

beids- eller livssituasjon.⁸ På dette området finst det altså ein tydeleg diskrepans mellom kjelde- og måldomene, som Mæland vel å uttrykke eksplisitt. Det er likevel ikkje denne diskrepansen som er hovudpoenget hennar, i staden er det forståing ho er ute etter, som her blir inkludert som dugnadsoppgåve.

Til no har vi sett døme på positive bidrag inn i dugnaden. I materialet får vi òg eksemplifisert døme på nokon ein kan hevde ikkje bidreg positivt, fordi dei utnyttar han til eiga vinning. Monica Mæland kallar denne gruppa for *dugnadsprofitører*:

(8) La meg nok en gang understreke viktigheten av at vi alle er lojale til denne nasjonale dugnaden. At ingen profiterer på de ordningene vi har laget for de som nå er permitterte. Bedrifter skal ikke permittere ansatte som kan jobbe, og ansatte skal fylle ut meldekort hver fjortende dag med informasjon om hvor mye du har jobbet. [...] Og for å være veldig tydelig: Dugnadsprofitørerne vil bli avdekket, etterforsket og straffet. (MM, 27.04.20)

Det var mange i Noreg som blei permitterte under pandemien, og ein del av dei økonomiske tiltaka handla om å redusere lønnsplikta til arbeidsgivarar frå 15 til to dagar (NOU 2023: 16 2023: 77). Her trekker Mæland fram at ingen må tene på dette. Det å tene på ein dugnad går imot kjenneteiknet på dugnaden som ulønt arbeid, og ved å bruke dugnaden til eiga vinning kan ein hevde at det er nettopp å tene på han desse *dugnadsprofitørerne* gjer. Her er det dermed Mæland som trekker fram diskrepansen mellom kjelde- og måldomene. Ho bruker dugnadsmetaforen for å påpeike at det dugnadsprofitørane gjer, er totalt imot den forteljinga som regjeringa har forsøkt å skape i samband med COVID-19-pandemien. Dugnaden skal gagne fellesskapet, ikkje berre ein sjølv, og skal utøvast i solidaritet med andre. Det å gå imot dette prinsippet kan nærast sjåast som eit svik mot dugnaden (og alle som *faktisk* deltar i han).

I 5.1.3 går eg nærare inn på det siste av dei tre føremåla som regjeringa nyttar dugnadsmetaforen til – å vise takksemd for deltaking.

8. Sidan dugnadsmetaforen gir høve til å skjule desse forskjellane, er det interessant at Mæland trekker dei fram. Det er likevel ikkje naudsynlegvis eit dårleg trekk, om ein ser retorisk på det. Faktisk kan det å argumentere *mot* si eiga sak vere strategisk lurt, fordi ein gjennom det viser at ein set eigne interesser til side og framstår meir ærleg og truverdig (Kjeldsen 2019: 128–130; O’Keefe 2002: 187)

5.1.3 Takksemd

Fleire gongar viser regjeringa takksemd for deltaking. Vi har allereie sett døme på takksemd i (6), og det finst fleire tekstar der regjeringsmedlemene legg vekt på dette. Eit døme kan vere:

(9) Jeg opplever at alle vil være med på dugnaden. At alle vil være med å slå ned smitten. [...] Disse ukene har vist Norge på sitt aller beste. På vegne av hele regjeringen vil jeg si tusen takk til alle som har bidratt til at vi kan slå ned viruset og kan begynne å jobbe på litt andre måter. (ES, 07.04.20)

(9) er henta frå ein tale som blei framført same dag som Folkehelseinstituttet erklærte koronautbrotet for «slått ned» (NOU 2023:16: 9). Her presenterer Solberg datoar for når ulike delar av samfunnet skulle opne igjen, og nyttar òg høvet til å takke for dugnadsdeltakinga.

Det finst òg døme på at spesifikke grupper blir via ekstra merksemd. Same dag som Solberg informerte om gjenopning, legg Guri Melby vekt på å takke dei tilsette i skulen:

(10) Dette er uten tvil en vanskelig situasjon for mange. Derfor benytter Jeg [sic] anledningen til å gi honnør til foreldrene, lærerne og de ansatte i skolen, de ansatte i barnehagene og alle som har vært, og fortsatt er en del av denne nasjonale dugnaden. (GM, 07.04.20)

Her ser ein at Melby *gir honnør*, altså ære eller heider (*Bokmålsordboka*, under *honnør*) til tilsette i skuleverket og foreldre, og dessutan til befolkninga generelt. Sjølv om ein på dette tidspunktet ikkje hadde fjerna alle smitteverntiltak, kan ein tolke desse ytringane som ei slags avslutning på dugnadsforteljinga som regjeringa forsøkte å skape i denne første syklusen (sidan ein på dette tidspunktet ikkje visste korleis hausten kom til å bli). Dugnaden skal no avsluttast, og da er det på sin plass å takke for deltakinga.

Tradisjonelle dugnadar har ofte leiarar eller organisatorar, nokon som har ein plan for dugnaden og delegerer oppgåver. Gjennom oppfordringa til dugnadsdeltaking og eksemplifiseringa av dugnadsoppgåver, kan det hevdist at regjeringa allereie har blitt etablert som leiarar av dugnaden, men når regjeringsmedlemane i tillegg tar på seg rolla med å vere dei som takkar for innsatsen, vil eg hevde at regjeringa trer endra klarare fram som leiarar. Ein ser altså at elementet i kjeldedomenet som handlar om dugnadsleiing aktivt blir brukt av regjeringa, og sidan dette elementet er

vanleg i ein tradisjonell dugnad, finn ein her ei relevant kopling mellom kjelde- og måldomene.

5.2 *Andre syklus*

5.2.1 Oppfordring

I løpet av juli og august 2020 såg ein ei auking i smittetal, og den gradvise gjenopninga blei derfor sett på vent i august (NOU 2023:16: 19). Her startar den andre syklusen, med ny oppfordring til dugnadsdeltaking. Ein får ikkje naudsynlegvis ein ny dugnad, men den norske befolkninga blir oppfordra til å finne tilbake *dugnadsånden*:

(11) Men de siste ukene har smitten økt igjen. Bare hvis vi jobber sammen – kan vi kontrollere smitten. Vi vil ikke tilbake dit vi var i mars og i april, og da må vi alle sammen gjenfinne dugnadsånden fra den tiden. (ES, 12.08.20)

(12) Derfor vil jeg avslutte med en oppfordring om at vi alle skjerper oss, finner tilbake dugnadsånden og følger gode råd [sic] å forebygge smitte. (MM, 25.08.20)

Bruken av *dugnadsånd* er interessant. Grunnleggande kan uttrykket forklarast som 'vilje og evne til å jobbe dugnad' (*Bokmålsordboka*, under *dugnadsånd*), og viser altså til ei innstilling eller haldning. Det kan sjåast som ei tilvising til førre syklus, og det kan i tillegg hevdast at regjeringa ante at ein ny runde med smitteverntiltak ville bli krevjande. Derfor nyttar ein *dugnadsånden* i eit forsøk på å appellere til nordmenn sine haldningar.

At det å leve med smitteverntiltak kan vere krevjande, blir òg anerkjent i denne syklusen, når Bent Høie kallar det *en dugnad som aldri tar slutt*:

(13) Det føles som å delta i en dugnad som aldri tar slutt. Der ledelsen i borrettslaget eller fotballaget fører opp stadige nye oppgaver på arbeidslista hver gang du tror du er ferdig. Jeg forstår at mange er slitne og mangler motivasjon til å starte på nytt. (BH, 20.08.20)

Denne anerkjenninga av dugnaden som krevjande kan sjåast som viktig, særleg fordi tiltaka ramma nokså ulikt avhengig av eins livssituasjon. I (13) ser ein òg at dei norske myndigheitene blir forstått som *ledelsen i borrettslaget eller fotballaget*. I tradisjonelle dugnadar er det typisk at det er

leiinga i burettslag eller idrettslag som organiserer dugnaden, ei rolle som Høie her gir myndigheitene. Dette kan ha verka ufarleggjerande ved at myndigheitene blir «ein del av folket», samstundes som dei har ei klar leiarrolle.

Eg vil hevde at det er særleg i denne andre syklusen at dugnadsmetaforen mister ein del av krafta si, og det er det fleire årsaker til. Som skrive i del 3 presenterer Semino (2021: 54) tre kriterium for ein effektiv metafor. Han må nytte (a) eit abstrakt måldomene, (b) eit klart avgrensa og rikt kjeldedomene, og (c) det må vere klare og anvendelege koplingar mellom dei to domena. Semino skriv òg at punkt (c) er med på å gjere metaforen passande. Eg vil hevde at dugnadsmetaforen oppfyller dei to første kriteria gjennom heile perioden, men når ein kjem til det tredje kriteriet, kan ein, særleg i denne syklusen, diskutere kor effektiv metaforen er. Ein tradisjonell dugnad er tidsavgrensa og varer vanlegvis ikkje lenger enn ein til to dagar (Lorentzen & Dugstad 2011: 13). Her finst eit tydeleg skilje mellom kjelde- og måldomene, sidan «koronadugnaden» startar i mars 2020, og ikkje blir (erklært) ferdig før 24. september 2021, då regjeringa innførte ei (førebeles) gjenopning av landet (Solberg 2021a). Denne uklare koplinga kan ha bidratt til å svekke effektiviteten etter kvart som dugnaden varte i Noreg, sidan ein effektiv metafor treng klart anvendelege koplingar mellom kjelde- og måldomene. Ein kan hevde at regjeringsmedlemene etter kvart sjølv vurderte dugnadsmetaforen som mindre effektiv, ettersom bruken er størst i mars og april 2020, men samstundes var dei «tradisjonelle» ein til to dagane allereie brukt opp i midten av mars 2020.

Ei anna årsak til at det kan argumenterast for at dugnadsmetaforen ikkje er like effektiv i denne andre syklusen, kan forklarast ved at dei to syklusane hadde ulike kommunikative behov. Mølster & Kjeldsen (2021) deler pandemien i Noreg inn i fasar som dei betraktar som ulike retoriske situasjonar.⁹ Dei to syklusane blir hos Mølster & Kjeldsen sett som to ulike fasar kjenneteikna av ulike kommunikative behov.¹⁰ I den første fasen fanst eit behov for informasjon, forsikring og trøyst og for å forklare og rettferdiggjere smitteverntiltak. Dugnadsmetaforen kan seiast å

9. Sjå Bitzer (1968) for forklaring av termen *retorisk situasjon*.

10. Fasane blir hos Mølster & Kjeldsen (2021: 35–38) kalla «Full alarm and lockdown» (12. mars til 20. april) og «New wave of infection and new restrictions» (1. august til 29. januar).

dekke fleire av desse behova, særleg rettferdiggjering ved å appellere til fellesskap og solidaritet. I den andre fasen fanst eit behov for å motivere, rettferdiggjere og få tilslutning til nye rundar med smitteverntiltak hos ei befolkning som var leie av tiltak. Det å motivere til ein ny runde med smitteverntiltak er eit nytt behov som kan krevje ein ny type retorisk kommunikasjon. Trass i dette nyttar regjeringa same metafor og forsøker igjen å oppfordre til solidaritet. Samstundes blir det òg implisert at den nye runden med smitteverntiltak vil bli lik som våren, som bar med seg store samfunns- og livsendringar og var vanskeleg for mange.

Her blir eit anna aspekt ved dugnaden relevant, nemleg at det kan argumenterast for at dugnaden ikkje berre er filantropisk, men at eigne interesser òg spelar inn (Nacey 2024: 82). Ein deltar i dugnaden for å tene fellesskapet, men ein tener òg på det sjølv, som del av fellesskapet. Det kan sjåast som meir utfordrande å kople dette elementet til eit tilsvarende element i denne andre syklusen. Våren 2020 blei befolkninga bedt om å delta i dugnad for å verne om dei som kunne bli alvorleg sjuke (sjå (1)), men dette førte òg til at fleire blant anna mista arbeid, og at det sosiale livet blei innskrenka i stor grad. Det fanst altså eit manglande samsvar mellom kjelde- og måldomene i den første syklusen, «koronadugnaden» tente ikkje eigne behov, berre fellesskapet sine. Dette manglande samsvaret heng med metaforen inn i andre syklus og gjer han mindre effektiv. Trass i dette vel regjeringa å bruke han òg hausten 2020, og igjen kan ein sjå at ulike tilpassingar som blir gjort blir forstått som dugnadsoppgåver.

5.2.2 Eksemplifisering

Alle døma i 5.2.1 kan eigentleg sjåast som døme på eksemplifisering, ikkje ved at dei eksplisitt viser ulike oppgåver slik som i første syklus (sjå 5.1.2), men heller ved at dei viser tilbake til våren 2020, og ber befolkninga vere med på liknande oppgåver. Utover dette kan ein finne eitt døme der konkrete dugnadsoppgåver blir eksemplifisert i denne syklusen:

(14) Situasjonen er fortsatt krevende i Hammerfest. [...] Sykehuset har fått tilført helsepersonell fra andre sykehus, og pasienter behandles flere andre steder i regionen. Beredskapen i luftambulansetjenesten er styrket, og et team fra Folkehelseinstituttet bistår i smittesporingen. Situasjonen er krevende, men innsatsen og dugnaden som finner sted nå, er imponerende! (BH, 21.10.20)

Her ser ein at arbeidet helsepersonell gjorde i samband med eit smitteutbrot i Hammerfest, blir trekt fram som oppgåver i dugnaden. Noko av det som gjer dette dømet interessant, er at nokon av oppgåvene som her blir forstått som dugnadsoppgåver, faktisk er betalt arbeid. Fleire personar legg inn ekstra innsats, men får betalt for arbeidet dei gjer. Ein kan dermed hevde at ein òg her, i likskap med i 5.2.1, beveger seg lenger bort frå kjeldedomenet, sidan den tradisjonelle dugnaden består av ubetalt arbeid.

Det siste dømet på eksemplifisering handlar vel så mykje om kva ein *ikkje* bør gjere i dugnaden. Den 6. november 2020 skriv kulturminister Abid Raja om korleis kultursektoren bør forhalde seg til dei ulike restriksjonane i kulturlivet. I innlegget skriv han blant anna:

(15) Det som er viktig nå er at vi ikke fokuserer på å se muligheter for å åpne mer enn hva helsemyndighetene oppfordrer til, eller å sette den ene opp mot den andre. Dette er ikke tiden for å peke på andre og hevde at man er forskjellsbehandlet. [...] Vi står i den mest alvorlige dugnaden mange av oss noensinne har stått i, og forhåpentligvis den siste vi trenger å stå i av denne sorten. [...] Da er mitt ønske, og min oppfordring til kultursektoren og til deg som publikum at vi står sammen, gjennomfører dugnaden og holder ut. (AR, 06.11.20)

I (7) såg ein døme på at ulike eigenskapar som regjeringa ønskte å sjå hos befolkninga blei forstått som dugnadsoppgåver, og noko av det same ser ein i (15), berre at her er det snakk om eigenskapar ein *ikkje* vil sjå. Enda ein gong kan ein hevde at regjeringa med døme som både (7) og (15) beveger seg bort frå kjeldedomenet. Ein tradisjonell dugnad inneber ofte praktiske og klare oppgåver (Nilsen & Skarpenes 2022: 263–264), medan dei oppgåvene som blir presentert i desse døma er meir abstrakte, og kanskje ikkje så lette å vite korleis ein faktisk skal gjennomføre.

